



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/380-

2. februar 2024

Svar på skriftleg spørsmål – nr. 1028

Eg viser til brev frå Stortingets president 25. januar 2024 med spørsmål nr. 1028 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Abid Raja. Spørsmålet lyder:

«Kan statsråden gi en sammenstilling av statsstøtten som har blitt gitt til Misjonssambandet og redegjøre for om og eventuelt hvor mye av midlene som har gått til å drifte internatskoler for norske misjonærbarn og når og i hvilket omfang Norge har ført tilsyn med disse skolene?»

Svar:

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) blei stifta i 1981, og er ifølge Store norske leksikon det største misjonsselskapet i Norden. Organisasjonen er verksam både i Noreg og i utlandet. NLM har drive misjonsarbeid i Afrika, Asia og Sør-Amerika, inkludert forkynning, hjelpearbeid og skuleverksemd. I Noreg har den mellom anna ei omfattande skulverksemd. NLM er eigar eller medeigar i fleire grunnskular, vidaregåande skular, folkehøgskular, bibelskular og høgskular.

I samband med spørsmålet frå representanten Raja har Kunnskapsdepartementet opplyst følgjande om tilskot og tilsyn etter privatskulelova:

«Privatskoleloven gir hjemmel til godkjenning av norsk grunnskoleopplæring i utlandet. Norske grunnskoler i utlandet må følge samme læreplan som offentlige norske grunnskoler. Godkjente private skoler har rett til statstilskudd. Skolene kan på frivillig basis tilby internat til skolens elever som en såkalt tilleggsvirksomhet. Slik virksomhet må være selvfinansierende, og det er ikke tillatt å bruke statstilskuddet til internat.

Skoler godkjent etter privatskoleloven må være organisert som et selvstendig rettssubjekt. Det er rettssubjektet som innehar godkjenningen, og mottar statstilskudd etter privatskoleloven

For tiden er det godkjent og i drift ni norske grunnskoler i utlandet. Én av disse skolene er den norske skolen i Kenya, som har en historisk tilknytning til Misjonssambandet. Skolen er registrert som Forening, lag, innretning. Den norske skolen i Kenya er godkjent for inntil 40 elevplasser. Den norske skolen i Kenya mottar i skoleåret 2023/2024 statstilskudd på 7 591 350 kroner i elevtilskudd for 39 registrerte elever. I tillegg har skolen høsten 2023 fått utbetalt 71 883 kroner i videreutdanning for lærere – stipend og studieavgift. KD er ikke kjent med at den norske skolen i Kenya har internat.

Utdanningsdirektoratet overtok i 2009 tilsynsansvaret for skoler godkjent etter privatskoleloven. Utdanningsdirektoratet har ikke gjennomført tilsyn med norske skoler i utlandet, utover den årlige kontrollen av skolenes årsregnskaper. Før 2009 var det den tidligere Fylkesmannen i Oslo og Akershus som hadde tilsynsansvaret for de norske skolene i utlandet.»

Frå Utanriksdepartementet er det opplyst at bistandsmidlar ikkje har vore brukt til å drifta internatskular for norske misjonærbarn.

I 2015 vedtok NLM å etablere eit trussamfunn utanom Den norske kyrkja. *NLM trossamfunn* blei registrert som trussamfunn etter lov om trudemssamfunn og ymist anna (den tidlegare trussamfunnslova) i desember 2015, og fekk statleg og kommunalt tilskot etter denne frå 2016 til 2020.

NLM trossamfunn er i dag eit registrert trussamfunn etter trussamfunnslova som tok til å gjelde 1. januar 2021, og har fått statstilskot etter denne for åra 2021–2023. Nedanfor følgjer ei oversikt over statstilskota til NLM trossamfunn etter trussamfunnslovene. (I perioden 2016–2020 fekk trossamfunnet også kommunale tilskot. Summen av desse var antakeleg omtrent like stor eller noko større enn statstilskotet.)

| År | Statstilskot |
|------|--------------|
| 2016 | 72 688 kr |
| 2017 | 364 480 kr |
| 2018 | 569 064 kr |
| 2019 | 657 324 kr |
| 2020 | 716 727 kr |
| 2021 | 1 666 390 kr |
| 2022 | 1 771 077 kr |
| 2023 | 1 918 488 kr |

Tilskota til trussamfunn skal nyttast til å dekke utgifter i samband med eigen religiøs verksemd. Dette inneber at dei ikkje kan nyttast til drift av private grunnskular.

Etter gjeldande trussamfunnslov skal trus- og livssamfunn som eventuelt driv privatskular i inn- eller utland, opplyse kort om denne verksemda i registreringssøknaden og i påfølgande årsrapportar, jf. trussamfunnsforskrifta §§ 3 og 15. Men lova heimlar ikkje eit særskilt tilsyn med privatskular.

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er godkjent elektronisk